



## Referat frå møte 13.12.2022 mellom Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune

|             |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|-------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Til stades: | <p><u>Frå Alver kommune:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ordførar Sara H. Sekkingstad</li><li>• Malin Andvik, utvalsleiar areal, plan og miljø</li><li>• Ørjan Raknes Forthun, kommunedirektør</li><li>• Hogne Haugsdal, kommunalsjef samfunnsutvikling og næring</li><li>• Kristin Nåmdal, leiar plan og analyse</li><li>• Marte Hagen Eriksrud, prosjektleiar kommuneplanen sin arealdel</li></ul> <p><u>Frå Statsforvaltaren i Vestland:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Liv Signe Navarsete, statsforvaltar</li><li>• Kjell Kvingedal, fungerande assisterande statsforvaltar</li><li>• Nils Erling Yndesdal, kommunaldirektør</li></ul> |
| Møteleiar:  | Liv Signe Navarsete                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |

Bakgrunnen for møtet var førespurnad 27.10.2022 frå ordføraren om å ha eit møte for å drøfte problemstillingar knytt til arbeidet med den første arealdelen til kommuneplanen for Alver kommune – etter kommunenesamanslåinga 1.1.2020.

Diskusjonane tok utgangspunkt i eit notat (vedlagt) frå Alver kommune.

Vi hadde ein god dialog om sentrale problemstillingar som kommunen ønskte å drøfte på eit overordna nivå. Kommunen løfta spesielt fram desse tre temaat:

- Utvikling av heile kommunen; satsing på sentra, levande bygder og grender, LNF-spreidd bustad og nullvektsmålet i personbiltransport
- Landbruk; Hus nr.2 og 3 på garden
- Strandsona – tilgang til sjø som ein viktig kvalitet for Alver

Kommunen gjekk gjennom ein PP-presentasjon (vedlagt).

Kommunen er oppteken av grep for å kunne bygge også i bygder og grender i Alver. Statsforvaltaren støtter at det i Alver kan vere behov for nokre avgrensa område for LNF-spreidd bustad. Samstundes må omfanget av slike område avgrensast. Veksten skal i hovudsak skje i regionalt vekstsenter (Knarvik).

Samfunnsdelen har ein strategi om at det skal vere høve til å byggje hus nr. 2 og 3 på garden. Statsforvaltaren er klar over at det er litt ulik praksis i dei ulike fylka.

Statsforvaltaren peiker på at dette er ei problemstilling som skal løftast. Det var semje om tett dialog mellom Alver kommune og Statsforvaltaren knytt til vidare prosess på dette tema i KPA-arbeidet.

Strandsone: Alver er tydelege på at tilgang til strandsona er ein viktig kvalitet i Alver. Det er stort behov for å avklare handlingsrommet til kommunen knytt til utbygging og tilrettelegging i strandsona. Statsforvaltaren viser til at kartlegging av den funksjonelle strandsona er viktig, og at det i planen vert fastsett byggegrense mot sjø. Kommunen vil ha opning for å gjere ei differensiering gjennom planlegging innafor dei to sonene (sone 2 og 3), basert på ei fagleg vurdering.

Alver kommune er ein samanslåingskommune: KPA Alver må sikre eit rom for utvikling i alle dei tre tidlegare kommunane. Statsforvaltaren er samd i at slike kommunar må kunne ha eit

visst handlingsrom til å sikre ei utvikling, særleg viktig i dei tre tidlegare kommunesentera. Det er òg i tråd med byvekstavtalen som tar omsyn til at ikkje all utvikling må kome sentralt. Jf. det som står der om at det skal kunne bli lagt til rette for utbygging utanfor dei regionale vekstsonene for å oppretthalde gode og levande lokalsamfunn.

Statsforvaltaren synest det var svært nyttig å få innsyn i korleis kommunen no arbeidar med denne viktige overordna planen. Vi ønskjer å vere på tilbodssida i prosessen fram mot formell høyring dersom det er spesielle problemstillingar og/eller fagområde kommunen ønskjer å diskutere nærmare med Statsforvaltaren. Kommunen legg opp til å leggje ut eit planutkast på høyring hausten 2023.

Statsforvaltaren utfordra kommunen til å nytte arealdataverktøyet for å analysere samanhengen mellom arealformåla og transport i den nye arealplanen.

Statsforvaltaren sa seg elles lei for at vi i merknadene våre til utkastet til planprogram for arealdelen hadde nokre formuleringar som vi ikkje hadde kvalitetssikra godt nok. Dette gjeld omtalen av omfanget av vekst i Knarvik og vidare nokre uheldige formuleringar om konsekvensane av spreidd busettnad.

Statsforvaltaren viste til retningslinene i fylkestinget sitt vedtak av regional areal- og transportplan for bergensregionen der det går fram at veksten i bustadutbygginga i hovudsak bør skje innafor regionale vekstsoner.

Alver kommune og Statsforvaltaren vil leggje stor vekt på godt samarbeid og dialog i den vidare kommuneplanprosessen for å finne eit mest mogleg rett balansepunkt mellom nasjonal politikk, inkludert statlege planretningsliner, og lokale omsyn.

*21.12.2022, Nils Erling Yndesdal (referent) –referatet er justert etter innspel frå Alver kommune*

Vedlegg:

- Notat oversendt 27.10.2022 frå ordføraren i Alver
- Presentasjon som kommunen gjekk gjennom i møtet 13.12.2022